



Askøy kommune  
Postboks 323  
5323Kleppestø

## Rapport frå tilsyn 20. juni 2014 og varsel om vedtak om å oversende forpliktande framdriftsplan for å støtte reinsekrav

Rapportnummer: 2014.114.I.FMHO

### Kontaktpersoner ved tilsynet:

Frå verksemda:  
Anton Bøe  
Trude Bjørkås  
Geir Ove Haugland

Frå Fylkesmannen i Hordaland:  
Sissel Storebø  
Britt Solheim

## Resultat frå tilsynet

Denne rapporten omhandlar avvik og merknader frå tilsynet. Under punkt 9 i rapporten er det varsla vedtak om at kommunen skal sende Fylkesmannen ein forpliktande framdriftsplan for å støtte reinsekrav gjeve i løyvet.

Dersom vi ikkje får melding om faktiske feil i rapporten innan to veker etter at rapporten er motteken, er rapporten endeleg. Fylkesmannen i Hordaland fann 7 avvik innan følgjande tema:

- overordna mål for avløpsanlegga
- handlingsplan og saneringsplan for avløpsanlegga
- drift og vedlikehald av leidningsnett og overløp
- førebuingar for klimaendringar
- dokumentasjon av reinsekrav
- miljørisikovurdering
- avvikshandtering

Avvika er nærare omtalt frå side 4 og utover i rapporten. Askøy kommune må innan

**1. september 2014** sende ei skriftleg tilbakemelding med dokumentasjon som viser korleis avvika er retta og/eller ein tidfesta plan for korleis retting av avvik skal gjennomførast.

Sissel Storebø e.f.  
senioringeniør

Britt Solheim  
senioringeniør

*Rapporten er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

## 1. Informasjon om verksemda

<b>Namn:</b> Askøy kommune	<b>Anleggsnr.:</b> 1247.0063.01
<b>Besøksadresse:</b> Bakarvågen 7, Florvåg	
<b>Postadresse:</b> Postboks 323, 5323 Kleppestø	
<b>E-post:</b> postmottak@askoy.kommune.no	<b>Telefon:</b> 56158000
<b>Kommune:</b> Askøy	<b>Organisasjonsnr.:</b> 964338442
<b>Bransjenr. (NACE-kode):</b> 84.110	<b>Eigar (org.nr.):</b> 964338442
<b>Løyve sist oppdatert:</b> 25.01.2011	<b>Risikoklasse:</b> 3

## 2. Bakgrunnen for tilsynet

Tilsynet var del av ein landsdekkande aksjon for å kontrollere om kommunane held miljøkrava til avløpsanlegga og om kommunane førebur seg godt nok på forventa klimaeffektar som til dømes auke nedbørmengde. Aksjonen er ei oppfølging av aksjonane som vart gjennomført i 2008 og 2010.

Følgjande hovudtema vart kontrollert:

- mål og strategi for avløpssektoren
- handlingsplanar/saneringsplanar
- klimaendringar og klimatilpassing
- overløp
- leiingsnett
- akkreditert prøvetaking
- etterleving av reinsekrav
- driftsstabilitet i reinseanlegg
- risikovurdering av avløpsanlegget
- framdrift for stetting av reinsekrav gjeve i løyvet datert 25.01.2011

## 3. Oppfølging etter tilsynet

Kommunen pliktar snarast å rette opp avvika som er omtalt i denne rapporten. For at Fylkesmannen skal kunne avslutte saka, må de innan **1. september 2014** sende ei skriftleg tilbakemelding med dokumentasjon som viser korleis avvika er retta og/eller ein tidfesta plan for korleis retting av avvik skal gjennomførast.

### Varsel om tvangsmulkt

Dersom vi ikkje får tilbakemelding med dokumentasjon som nemnt ovanfor innan **1. september 2014**, vil Fylkesmannen fatte vedtak om tvangsmulkt, jf. forureiningslova § 73.

Vedtaket vil gå ut på at ein tvangsmulkt blir gitt dersom Fylkesmannen ikkje har motteke dokumentasjon som nemnt ovanfor innan 4 veker etter at vedtaket om tvangsmulkt vart fatta. Ei eventuell tvangsmulkt vil vere på 50 000 kroner.

Kommunen kan kommentere dette varselet. Eventuelle kommentarar må sendast til Fylkesmannen innan to veker etter at denne rapporten er motteken, jf. forvaltningslova § 16.

## 4. Kontrollgebyr

Fylkesmannen varsla i e-post 14. mai 2014 at Askøy kommune skal betale gebyr for tilsynet, jf. forureiningsforskrifta § 39-6. Verksemda er i løyvet plassert i risikoklasse 3 for hovudavløpsanlegga. Dette betyr at de skal betale 12 000 kroner for den gjennomførte tilsynet. Faktura blir ettersendt frå Miljødirektoratet. Fastsetjing av gebyrstørrelse er ikkje eit enkeltvedtak med klagerett.

## 5. Offentleggjing

Denne rapporten vil vere tilgjengeleg for ålmenta via Fylkesmannen i Hordaland sin postjournal på [www.fylkesmannen.no/hordaland](http://www.fylkesmannen.no/hordaland), jf. offentleglova.

## 6. Dokumentunderlag

- forureiningslova
- forureiningsforskrifta kapittel 11
- forureiningsforskrifta kapittel 14
- internkontrollforskrifta
- dokumentasjon tilsendt Fylkesmannen i samband med tilsynet
- løyvet av 25. januar 2011 og 1. mars 2000

Informasjon om regelverket finn de på [www.miljodirektoratet.no](http://www.miljodirektoratet.no), [www.miljokommune.no](http://www.miljokommune.no) og [www.regelhjelp.no](http://www.regelhjelp.no).

## Definisjonar

- **Avvik:** brot på krav fastsett i eller i medhald av helse-, miljø- og sikkerheitslovgjevinga (til dømes brot på krav i forureiningslova, produktkontrollova og forskrifter heimla i desse lovene eller krav og vilkår fastsett i løyve eller dispensasjonar).
- **Merknad:** eit forhold som miljøvernmyndigheitene meiner det er nødvendig å påpeike for å ivareta helse og miljø og som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

## 7. Avvik

Vi fann følgjande avvik under tilsynet:

### Avvik 1      **Overordna mål for avløpsanlegga er mangelfulle**

**Avvik frå**      Internkontrollforskrifta § 5 punkt 4 (setje mål for ytre miljø)  
Vilkår i løyvet av 25. januar 2011, punkt 2.5 Avløpsnett og punkt 2.6 Utforming og drift av reinseanlegg

### Kommentar

Det er ikkje sett mål for avløpsanlegga i Søre Askøy tettstad.

Askøy kommune har ein hovudplan for avløp gjeldande frå 2005-2016. Handlingsplanen er gått ut på dato. Plasseringa av nytt reinseanlegg, tilførselstunellar og utsleppsleidning er bestemt. Kommunen sanerer jamleg eldre leidningsnett. Kommunen arbeidar med ny reguleringsplan for området der

reinseanlegget skal plasserast.

**Avvik 2      Handlingsplan og saneringsplan for avløpsanlegga er ikkje tilfredsstillande**

**Avvik frå**      Vilkår i løyvet punkt 11.5 Internkontroll  
Internkontrollforskrifta § 5 punkt 6 (risiko, planar og tiltak)  
Internkontrollforskrifta § 5 punkt 7 (førebyggje lovbrøt)

**Kommentar:**

Handlingsplan og saneringsplanen er ikkje oppdatert. Askøy kommune sanerer leidningsnett i dag i tråd med forprosjektet til nytt avløpsanlegg. Hovudfokuset ligg på å skifte ut gammalt avløpsnett. Den tekniske delen av ny hovudplan for avløp skal vere klar til nyttår. Denne delen vil også innehalde saneringsplan og handlingsplan for tettstaden. Endeleg hovudplan vil vere ferdig sommaren 2015.

**Avvik 3      Kommunen har ikkje gjort tilstrekkelege førebuingar for å tilpasse avløpsanlegga til framtidige klimaendringar**

**Avvik frå**      Vilkår i løyvet punkt 7. Klima  
Internkontrollforskrifta § 5 punkt 6 (risikovurdering)  
Internkontrollforskrifta § 5 punkt 7 (førebyggje lovbrøt)

**Kommentar**

Askøy kommune har ikkje undersøkt korleis avløpsanlegga vil bli påverka med omsyn til framtidige klimaendringar.

Det er ikkje gjort vurderingar eller utrekningar av kva for konsekvensar og verknader forventa framtidige nedbørsmengder vil ha på avløpsnett. (Nedbørsprognoser er ikkje omsett til verknader på avløpsnett ved modellutrekningar eller ved andre vurderingar). Det er ikkje gjennomført tiltak eller vedteke planar for å hindre at overvatn kjem inn på avløpsnett. Konkrete planer for korleis framtidige auka vassmengder på nettet skal handterast manglar også.

Kommunen opplyser at førebuingar for å tilpasse avløpsanlegga for framtidige klimaendringar vil vere på plass i ny hovudplan for avløp.

**Avvik 4      Drift og vedlikehald av leidningsnett og overløp er mangelfull**

**Avvik frå**      Internkontrollforskrifta § 5 punkt 7

**Kommentar**

Ved tilsynet blei det stadfesta at dei viktigaste problemområda på nettet ikkje er dokumentert. Skriftlege rutinar for drift og vedlikehald av overløp er ikkje etablert.

Kommunen vil sette eigne funksjonskrav i den nye hovudplanen/saneringsplanen.

**Avvik 5      Kommunen kan ikkje dokumentere om dei overhald reinsekrava for utslepp til vatn i 2013**

**Avvik frå**      Vilkår i løyvet punkt 2.3 Reinsekrav- utsleppskrav  
Internkontrollforskrifta § 5 punkt 7 (førebyggje lovbrøt)

**Kommentar**

Utsleppskontroll for reinseanlegga er ikkje innført i tråd med krav i gjeldande utsleppsløyve.

I utsleppsløyvet av 25. januar 2011 punkt 2.3 er det vist til at utsleppsløyve, datert 3. mars 2000 (punkt 1,5 i vedlegg 2), er gjeldande fram til eksisterande anlegg er utbetra og nye anlegg er satt i drift. Kommunen må dokumentere at reinseanlegga held attende ein mengde slam som svarar til 50 g slam pr. pe og døgn med 20 % TS.

Ved tilsynet blei det opplyst at kommunen berre veger slammet før levering til mottak.

**Avvik 6      Miljøriskovurdering for avløpsanlegga er ikkje tilfredsstillande**

**Avvik frå**      Vilkår i løyvet, punkt 11.5 Internkontroll  
Internkontrollforskrifta § 5 punkt 6 (vurdere risiko)

**Kommentar**

Askøy kommune har ikkje utarbeidd ei skriftleg miljøriskovurdering for ytre miljø for avløpsanlegga.

Risikovurderinga må innehalde vurdering og handtering av risiko for utslepp til ytre miljø frå avløpsanlegga, som risiko for utslepp til ytre miljø frå transportsystem og reinseanlegg. Ho må omfatte både akutte, uønskte og planlagde hendingar. Problem med klimaendring og påslepp frå prosessvatn frå industri bør også vere med.

I rettleiinga frå Norsk vann Rapport 197/2013 finn vi døme på prosessorientert metodikk for risikovurdering ved å ta for seg heile avløpsanlegget, reinsetrinn og utsleppspunkt for å kunne identifisere sårbare punkt for ulike hendingar. Dette kan vere utfordringar med til dømes:

- både felles- og separat system og periodar med hydraulisk overbelastning
- utslepp frå naudoverløp på pumpestasjon pga. flom, straumbrot mm.
- ujamn organisk belastning på reinseanlegga
- lukt frå slamhandtering
- vakante stillingar i kommunen innan VA-området
- sårbar resipient- drikkevatt nedstraums

Vedlegg 3 til rettleiaren inneheld ei basisliste for identifisering av hendingar og tilhøve som kan gje risiko for utslepp.

Når risikovurderinga er klar, må det utarbeidast handlingsplanar for å avbøte risiko. Planane må omfatte både tiltak, kven som skal gjere jobben og når jobben skal gjerast.

Skriftlege rutinar for risikohandtering av forhold med uakseptabel høg risiko, og skriftlege rutinar for oppdatering av risikovurderinga må utarbeidast. Rutinane skal vise når risikoanalysen skal gjennomførast, kven som skal ta ansvar for gjennomføring/revisjon, kven som skal delta på analysen og kven som skal ha ansvar for å følgje opp analysen og eventuelle tiltak.

## **Avvik 7      Avvikshandteringssystemet for avløpsanlegga er mangelfullt**

**Avvik frå**      Internkontrollforskrifta § 5 punkt 7 (førebyggje lovbrøt)

### **Kommentar**

Registreringa av avvik som får konsekvensar for ytre miljø er mangelfull.

Verksemda registrerar avvik i et digitalt avvikssystem, Riskmanager kvalitetssystem. Avvik som kan gje konsekvensar med utslepp til ytre miljø vert ikkje rapportert.

Verksemda må definere kva som er eit avvik og kva som ikkje skal definerast som avvik. Avvik vedkomande avløpsnett, overløp, reinseanlegg, utsleppsmålingar og anna må inngå i avvikshandteringssystemet.

## **8.      Merknader**

Vi har ikkje gitt merknader under tilsynet.

## **9.      Framdrift for å stette reinsekrav gjeve i løyvet. Varsel om å oversende ein forpliktande framdriftsplan innan 30. juni 2015**

Askøy kommune klarer ikkje tidsfristen sett i løyve (31. desember 2015) med å oppfylle primærreinsekravet for Søre Askøy tettstad. Kommunen er i prosess med å utarbeide ny kommunedelplan avløp. Den tekniske delen vil vere klar i desember 2014. Endeleg planen vil vere klar sommaren 2015. Planen skal innehalde tekniske løysingar og framdriftsplan for etablering av nytt hovudreinseanlegg for Søre Askøy tettstad og overføring av dei 43 eksisterande kommunale utsleppa til det nye reinseanlegget.

Miljødirektoratet har gitt Fylkesmannen i oppgåve å innhente forpliktande framdriftsplanar frå dei kommunane som ikkje klarer å stette primærreinsekravet innan 31. desember 2015. Fylkesmannen kan endre løyvet med nye tidsfristar for å stette primærreinsekravet på bakgrunn av framdriftsplanen. Vi forventar at kommunane held ei stram framdrift for å stette kravet. Fylkesmannen vil vurdere å fatte vedtak om tvangsmulkt til eventuell manglande framdrift.

Fylkesmannen vil presisere at tiltaka for å stette primærreinsekravet for tettstaden omfattar både det å bygge nye avløpsreinseanlegg og å overføre dei eksisterande utsleppa til desse. Kommunen skal innan 30. juni 2015 utarbeide ein forpliktande framdriftsplan.

Framdriftsplanen må minst innehalde:

- tekniske løysingar
- kostnadar
- eventuell avhengigheit av andre tilhøve/prosjekt som kan påverke framdrifta og som ikkje kommunen rår over (til dømes samordning med vegutbygging)
- tidspunkt for når dei ulike tiltaka er gjennomført

For dei tiltaka som gjeld overføring av eksisterande utslepp til det nye reinseanlegget ber vi om ei grunngjeving for:

- kvifor dei ulike tiltaka er prioritert slik dei er
- omtale av utsleppet (reinseanlegget sin funksjon, ureinsa, utsleppsdjupn, brukarkonflikar, forureiningsverknader)

Fylkesmannen har heimel i forureiningslova § 51 til å innhente ein forpliktande framdriftsplan for å støtte primærreinskravet frå kommunen. Fylkesmannen varslar med dette at vi vil fatte vedtak om at ein forpliktande framdriftsplan skal sendast Fylkesmannen innan 30. juni 2015. Kommunen kan kommentere dette varselet. Eventuelle kommentarar må sendast Fylkesmannen innan fire veker etter at denne rapporten er motteken.

## **10. Andre forhold**

Askøy kommune har i dag 43 avløpsanlegg i Søre Askøy tettstad. Dette er anlegg som har sil eller slamavskiljarar. Ingen av reinseanlegga sør i kommunen tilfredsstillar dagens krav til reinsing.

Oppstart av ny reguleringsplan vart meldt i mars 2014 og i juni vart innbyggjarane informert om planen. Politisk styringsgruppe for vidareføring av ny hovudplan vart vedteke 18. juni 2014 i kommunestyret.

Det er politisk vedtatt at eitt nytt reinseanlegg for Søre Askøy tettstad skal byggjast. I desember 2013 vart plasseringa av anlegget godkjent i kommunestyret. Anlegget skal byggjast i fjell i området Gråskolten/Heiafjellet, bak Stongafjellet. Anlegget skal stetta krav til primærreinsing, men det vert også lagt til rette for å byggje ut til sekundærreinsing om det blir aktuelt.

Kommunen har tett samarbeid med Statens vegvesen og ein god del av framføringa av leidningsnett skjer samstundes med utbygging i tråd med «Askøypakken». Askøypakken omfattar fleire prosjekt og tiltak for å heve vegstandarden i området.

Hovudleidning frå Kleppestø til Florvåg er skifta ut. Sanering av leidningsnett vert utført etter forprosjektet for bygging av nytt avløpsreinseanlegg.